



MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1984

Namnet på vatnet Talsdalsvatnet  
Kommune ..... Time

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

## TAKSDALS VATNET

Fiskeanalysen vart foreteken den 20 sept. 1974.

Vatnet ligg i Time kommune, nærare stadfest nord for Undheim, og med Taksdal i vest og Blåfjellet i nord-aust.

Arealet er snaut 40 ha og h.o.h. 88 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men her er store grunnlendte partier nær land, så det er grunn til å tru at største djup neppe er over 15-20 m.

Stranda består for det meste av stein og sand (kiselgur).

Gjerme- og sandbotn (kiselgur) dominerar på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter, snaumark, skogsmark der lauvskogen dominerar, og noko fjell.

Vegetasjonen i vatnet er rik og ein vil finna nøkkeroser, flotgras, takrør, botngras, brasmegras, tusenblad, siv- og algevegetasjon.

Hovudtilsaget fell inn i sør og kjem frå Kartavoll der ei rekkje vatn inngår. Vidare har vi Urdåna som fell inn i nord-aust og Åna i nord frå Sjelsetvatnet m.fl.

Avlaupet renn ut i vest "Håelva" og går til sjøen nord for Obrestad fyr.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 3.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerer påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6.5 som er ideelt for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 3.3 mg/l og den totale hardheita 6.5 mg/l. Dette er mykje godt samanlikna med andre analyserte vatn.

Leiingsemna  $K_{18} = 51.6 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$ .

Gjennomstrøyminga er heller stor.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 10.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 34 fjærmygglarver, 19 muslingar, 8 skive-sneglar, 7 vårflugelarver, 2 gjellesneglar, 2 fåbørstemark og 2 iglar - i alt 740 individ pr. m<sup>2</sup>.

5.0 meteren gav som resultat 10 fjærmygglarver, 9 muslingar og 5 gjellesneglar - samla 240 individ pr. m<sup>2</sup>.

På 10.0 m vart det funne 21 fjærmygglarver og 4 muslingar - tilsaman 250 individ pr. m<sup>2</sup>.

Samla resultat syner at det er bra med næringsdyr i vatnet og langt over det som er vanleg, om ein samanliknar med andre analyserte vatn.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 fiskar og her vart det funne fjærmygglarver, skivesneglar, buksvømmere og stingsild.

#### Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, og eit vertikaltrekk på 10.0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som relativt rike.

#### Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Ferskvasssaure, sik og ål. Om også laks og sjøaure går opp i vatnet vil folk på staden kunne svare på.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 104 aurar og 12 sik - tilsaman 116 fiskar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsynig av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 30 aurar og av desse var 4 røde, 18 lysrøde og 8 kvite i fiskekjøttet.

Vidare var der 12 hanfiskar og 18 hofiskar - ei normal kjønnsfordeling.

4 av prøvefiskane var svakt angripne av parasittar.


33 % av fisken var gytefisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	5.2	10.5	16.6	21.5	24.5	28.8
Årleg lengdetilvekst i cm	5.2	5.3	6.1	4.9	3.0	4.3
Antall fiskar	29	29	29	27	21	3

Medel kondisjonsfaktor = 1.05 tilseier fisk av god kvalitet.

Set vi opp ein vekstkurve for auren i Taksdalsvatnet og samanliknar med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år) vil denne sjå ut som synt nedanfor.



Som vi her vil sjå, syner fisken i Taksdalsvatnet ein mykje god lengdetilvekst og ligg over normalen fram til 5 års alder. Auren går mot ei maksimal lengd på ca 30 cm, men det er berre få fiskar som vil nå opp i denne storleiken. Nå vil det sjølvsagt finnast ein del aure som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar", men der er neppe mange av desse. Dette er fiskar som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.

### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som næringsrikt og der tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon. Dei kjemiske tilhøva er gode og botnprøvene syner at mange arter av verdfulle næringsdyr er å finna.

Omfarfordelinga og cm-klasseinndelinga syner, at der er fisk av ymse årgangar og storleikar både av aure og sik.

Som kjent er det nedslagsfeltet som spelar ei avgjerande rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjøelve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Taksdalsvatnet er bra i så måte og fylgjeleg får vi gode tilhøve for fiskeproduksjon. Den sure nedbøren vi i dag får influerar fylgjeleg lite på dette vatnet.

Fisken vi fekk var også av god kvalitet, det gjeld både aure og sik. Beste gytebekken for auren er Åna i nord, men der er også andre stader auren kan gyta.

### Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at det vart skipa til eit grunneigarlag for vatnet, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Når grunneigarlaget er etablert må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske medan grunneigarene sjøelve har eineretten til garnfiske.

Den utfiskinga som har vorte foreteken ned gjennom åra må halde fram i omlag same omfang som før. Det ser ut som om fiskebestandet er bra avpassa næringsferrådet og det er mykje viktig at det er samsvar mellom desse faktorane.

I det heile er Taksdalsvatnet eit mykje verdfullt fiskevatn og som byd på fisk av ypperlig kvalitet. Det er sikkert ikkje få som ville prøve fiskelukka si nettopp her og dette ville grunneigarane få innkome på i form av fiskekortsal.

Stavanger 15. mai 1975

Einar Berg